

Plan for ulike scenario ; Giske kommune

Presentert på Helsedirektoratets vaksinewebinar 25 februar 2021

Det er fleire usikre moment som vil avgjere korleis vi best kan organisere vaksiner i kommunen.

1. Kor lang tid har vi fra vi får vaksinene til dei må vere gitt?
2. Kor lang tid tar det å klargjere vaksinen før setting?
3. Korleis skal vaksinene oppbevarast?
4. Kven skal vaksinerast? - sjå eiga side i notatet med berekningar for Giske kommune
5. Kor mange vaksiner får vi?

Tidsskjema

Det er varsla at kommunen får beskjed fem dagar før vaksinenen blir transportert til oss. Transporten tar opp til 24 timar. Vaksinene må vere sett innan fem døgn frå den var tatt ut av ultrafrysar.

Vi må difor planlegge for at vaksinene må vere sett innan fire døgn frå vi mottok dei.

Vi vil da ha 9-10 dagar (inkludert helgedagar) frå vi får varsel til alle vaksiner må vere sett.

Vi har gått ut frå at den som vaksinerer ikkje bruker meir enn ti minutt per vaksine. I tillegg kjem 20 minutt observasjonstid etter vaksinerings.

Folkehelseinstituttet vil lage ein plan for distribusjon av vaksiner der ein også planlegg slik at vi får dose nummer ein og to til rett tid.

Oppbevaring

Så langt er oppdraget frå Folkehelseinstituttet at vi planlegg for oppbevaring av vaksina ved kjøleskaptemperatur, 2-8 grader.

Antal vaksiner til Giske kommune

Antal vaksiner er det viktigaste faktoren for planlegginga av lokal gjennomføring. Vi vil difor skissere ulike løysingar ut frå ulike antal vaksiner levert til Giske kommune.

Personellbehov

Ein person kan setje 50 vaksiner på ein arbeidsdag.

Det er da berekna at ein set litt meir enn 6 vaksiner i timen (kvart 10. minutt) i 7,5 time.

Venteareal

Med 6 vaksiner i timen og 20 minutt ventetid etter vaksinerings blir det til ein kvar tid 3-4 personar som må vere under observasjon for kvar vaksinatør.

For å spare plass i ventearealet vil dei som skal få vaksine få beskjed om å vente utanfor og møte opp til eksakt tidspunkt for vaksinerings.

Legesenteret har kapasitet til minst 25 ventande i sine areal.

Scenario A: 0-1600 vaksiner

Basert på erfaring frå influensavaksinering ved Giske kommunale legesenter kan dette gjennomførast ved legesenteret.

Opp til åtte vaksinatørar kan jobbe samtidig ved legesenteret utan at venteromkapasiteten blir overstege. Ein kan da få vaksinert opp til 400 personar om dagen og kan klare 1600 vaksiner i løpet av fire dagar.

Ein må da halde legesenteret delvis stengt for å ha rom og ressursar til vaksinering. Legesenteret må sannsynlegvis leige inn ekstra helsesekretærressurs. Legane kan også få i oppgåve å vaksinere. Det er ti legar ved legesenteret, opp til seks av desse kan bidra i vaksineringsarbeidet.

Det er venta at dei fyrste dosene som kjem skal prioriterast til bebuarar ved sjukeheim/omsorgssenter. Dei kommunale omsorgstenestene får ansvaret for å vaksinere denne gruppa.

Scenario B: 1600-3000 vaksiner

Viss ein skal få til å setje over 1600 vaksiner på fire dagar må ein setje inn meir ressursar.

Vi kan sjå på moglegheit for å leige inn meir helsesekretærressursar på dagtid eller utvide arbeidstida med vaksinering ettermiddag/kveld og helg.

Vi kan også auke kapasiteten ved å fordele vaksininga mellom legesenteret og helsestasjonen.

Scenario C: >3000 vaksiner

Viss vi får over 3000 vaksiner vil det sannsynlegvis vere best å organisere vaksininga i stor skala over få dagar, til dømes ved å etablere eit vaksinesenter i ein idrettshall.

Her må ein planlegge godt på førehand og det vil krevje ein god del timar og personell for planlegging, rigging og gjennomføring.

Om alle vaksinene ikkje kjem på ein gong kan ein heller gjennomføre som for scenario A eller B.

Både scenario B og C er usannsynlege ut frå signala vi har fått så langt (per 11.12.2020) om antal vaksiner som vil kome i januar.